


Vestlandsrådet



Årsmelding 2017



vestlandsraadet.no

Meir gjennomslag ved felles satsing

Vestlandsrådet er ein god samarbeidsarena for dei fire vestlandsfylka i arbeidet med å fremme landsdelen nasjonalt og internasjonalt. Ei av fanesakane for Vestlandsrådet har sidan rådet vart oppretta vore å knyte Vestlandet saman gjennom ein opprusta og ferjefri E39. No byrjar vi endeleg å sjå resultat av årelang innsats.

Stortinget vedtok ny nasjonal transportplan våren 2017, og i forkant av dette arrangerte Vestlandsrådet eit frukostmøte i Oslo. På menyen stod Vestlandet sine prioriteringar innan samferdsle, og det er liten tvil om at vi står sterkare når vi står saman.


Saker vi har jobba med i 2017 er handlingsplan for cruisestrategi og felles storinnsats mot marin forsøpling. Begge er gode døme på at vi har felles interesser og får auka gjennomslagskraft ved felles innsats.

Vestlandsfylka har mange felles interesser, mellom anna innan samferdsle, næringsutvikling og reiseliv. Arbeidsplassar baserte på dei naturgjevne fortrinna våre, vil gi grunnlag for auka busetting og vekst på Vestlandet. Infrastruktur er heilt avgjerande for vekst og utvikling. Difor er eit politisk samarbeid mellom vestlandsfylka, om dei store strategiske sakene, svært viktig for vekstkrafta til Vestlandet.

Regionreforma gjer at vi går frå fire til tre fylke. Eg meiner det Vestlandsrådet har fått til dei siste åra syner at det er mange saker der vi tener på at vi står saman som landsdel. Både E39 og Nasjonal transportplan er døme på saker der eit samla vestland har fått til meir enn fylkeskommunane ville ha gjort kvar for seg.

Vestlandsrådet går no inn i sitt 15. år, og eg trur rådet vil vere svært relevant for landsdelen også i åra som kjem.

Med helsing



Jenny Følling
Leiar av Vestlandsrådet 2017



Vestlandsrådet – eit politisk samarbeid mellom fire fylkeskommunar

Vestlandsrådet er eit formelt samarbeid etablert av dei fire fylkeskommunane Møre og Romsdal, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Gjennom felles innsats skal Vestlandsrådet fremje landsdelen nasjonalt og internasjonalt ved å koordinere den politiske innsatsen, og såleis aktivt påverke rammevilkåra for landsdelen. Leiarvervet og innstillande fylkesrådmann alternerer mellom fylkeskommunane, og i 2017 var det Sogn og Fjordane som hadde desse verva i Vestlandsrådet.

Rådet er sett saman av fem politikarar frå kvart av dei fire fylkestinga. Den administrative ressursen er ein sekretariatsleiar som jobbar tett opp mot fylkeskommunane si faglege og politiske leiing. Med seg har sekretariatsleiar ei kontaktgruppe med representantar for fylkesrådmennene, samt faggrupper på tvers av dei fire fylkeskommunane innanfor ei rekke fagfelt. Frå 2016 har sekretariatsleiarvervet alternert mellom fylkeskommunane, og i 2017 var det Sogn og Fjordane som også hadde sekretariatsleiaren.

Gjennom året

Ein fellesskap for eit betre Vestland

Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet etablerte Vestlandsrådet i 2003. Basert på ein samarbeidsavtale, vedtekter og ei felles politisk plattform har fylkeskommunane fremja Vestlandet som eit tyngdepunkt for landet innan næringsverksemd med særleg store natur- og kulturkvalitetar. Landsdelen har mange felles interesser nasjonalt og internasjonalt, og gjennom påverknad av rammevilkåra vert det arbeidd aktivt for å skape optimale utviklingsmoglegheiter.

Politisk plattform for Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har i fleire rundar revidert den politiske plattforma for arbeidet, sist i 2014. Det har heile vegen vore semje om å styrke følgjande område:

- Samferdsle- og infrastrukturtiltak som styrker landsdelen, gjev betre konkurransekraft og lettar tilhøva for kommunikasjonar og transport.
- Fellesprosjekt som fremjar utvikling for innbyggjarane på Vestlandet.
- Internasjonalt engasjement som styrker Nordsjøsamarbeidet og kontakten mot EU.
- Kulturengasjement der Vestlandsrådet fremjar fellesinteresser overfor statlege styresmakter.
- Den politiske beredskapen for å følgje opp nettverk og politiske signal og prosessar som er viktige for landsdelen.

Møte i Vestlandsrådet

Møta vart i 2017 haldne slik:

- 28. februar i Bergen
- 11. mai i Sogndal
- 25. oktober i Stavanger

Det vart i 2017 handsama til saman 28 vedtaksaker. I tillegg hadde Vestlandsrådet oppe om lag 30 meldingssaker. Det har også vore mange foredrag og innleiingar frå viktige samarbeidspartar og FoU-miljø inne i Vestlandsrådet i 2017. Blant sakene som var oppe, vart det sett søkjelys på

- gjennomføring av delprosjekta for ein ferjefri og opprusta E39
- ein felles strategi for innspel til den nye stortingsmeldinga for kultur
- handlingsplanen for 2018–20 for den vedtekne cruisestrategien
- ein marin strategi for Vestlandet
- krafttak mot marin forsøpling
- førebuinga av ein felles hydrogenstrategi.

Nasjonal transportplan og handlingsprogrammet for 2018–23 har også vore framme.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Møte i arbeidsutvalet (AU)

AU er sett saman av dei fire fylkesordførarane. Alle AU-møta i 2017 var telefon-/skypemøte. AU driv som hovudregel ikkje saksbehandling for Vestlandsrådet, med unnatak av når det er delegert slik mynde. Frå tid til annan, m.a. ved særleg korte tidsfristar, uttalar AU seg på vegne av heile Vestlandsrådet. AU oppsummerte 2017 med å slå fast at dei fire fylkesordførarane utvekslar informasjon og erfaringar på ein god måte i AU-møta, at det vert gjeve nyttige orienteringar og at møta i Vestlandsrådet vert godt planlagde.

Vedtakssaker i 2017

Vestlandsrådet 28. februar, Bergen:

1. Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet 10.11.2016.
 2. Rekneskap for Vestlandsrådet 2015.
 3. Rekneskap for Vestlandsrådet 2016.
 4. Årsmelding for Vestlandsrådet 2016.
 5. Budsjett for Vestlandsrådet 2017.
 6. Handlingsprogram for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2017.
 7. Møteplan for 2017. Fastsettjing av tidspunkt og møtestad.
- Skriv og meldingar.

Vestlandsrådet 11. mai, Sogndal:

8. Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet 8.2.2017.
 9. Cruisestrategi for Vestlandet. Arbeidet med handlingsplan 2017-18: status, problemstillingar og vidare arbeid.
 10. Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten.
 11. Regionsamarbeidet med Kina: status, problemstillingar og strategi for vegen vidare.
 12. Brexit – kva dette har å seie for Vestlandet, og korleis Vestlandsrådet kan påverke den vidare prosessen?
 13. Marin strategi. Oppfølging av plantema rekruttering.
- Skriv og meldingar.

Vestlandsrådet 25. oktober, Stavanger:

14. Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet 11.5.2017.
 15. Cruisestrategi for Vestlandet. Handlingsplan 2017-18: status, problemstillingar og vidare arbeid.
 16. Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten.
 17. Vestlandsfylka si samhandling med Innovasjon Noreg på det internasjonale feltet.
 18. Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling».
 19. Hydrogensatsinga: Rapportering og handlingsplan 2017-18.
 20. Ny stortingsmelding om kultur i 2019 (kulturmeldinga). Strategi for felles innspel frå Vestlandsrådet.
 21. Nøkkeltal for utvalde næringar i 2018.
 22. Nasjonal transportplan: Handlingsprogram 2018–2023.
 23. Nordsjøkommisjonen: Etablering av permanent sekretariat.
 24. Fjord Noreg AS: Scenarioprosjekt 2030 for reiselivet på Vestlandet.
 25. Vestlandsrådet og AU sin møteplan for 2018.
- Skriv og meldingar.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune



Deltaking og felles arrangement

Vestlandskonferansen 30. mars 2017

- Konferansen vart halden i Stavanger med tittelen «Et hav av muligheter», og det var deltakarar frå næringsliv, politikk og presse. Vestlandsrådet er partnar i konferansen, og fleire av medlemene i rådet deltok.
- Det var ein eigen debattsekvens om temaet «Framtidas Vestland», der Lars Helle (Stavanger Aftenblad) og Øyulf Hjertenes (Bergens Tidende) var i dialog med fylkesordførarane Solveig Ege Tengesdal (Rogaland), Jenny Følling (Sogn og Fjordane) og fungerande fylkesvaraordførar Roald Kvamme (Hordaland).

Nasjonal transportplan - frukostmøte 5. mai 2017

- Dei fire fylkesordførarane i Vestlandsrådet inviterte til frukostmøte for nærmere dialog om sentrale utfordringar knytt til Nasjonal transportplan 2018–29. Frukostmøtet vart halde ved KS Agenda Møte- og konferancesenter i Oslo og vart leia av debattleiar Erik Wold frå KjørDebatt.no.
- Lokale og regionale samferdslepolitiske utfordringar vart lagde fram frå fylkesordførar i Rogaland, Solveig Ege Tengesdal (KrF), fylkesordførar i Møre og Romsdal, Jon Aasen (A), fylkesvaraordførar i Hordaland, Roald Kvamme (A) og fylkesordførar i Sogn og Fjordane og leiar i Vestlandsrådet Jenny Følling (Sp).
- «Næringslivet sine utfordringar, behov og prioriteringar på Vestlandet – og mellom Vestlandet, landet elles og Europa» var temaet for ei eiga innleiing frå avdelingsdirektør Per Øyvind Langeland, NHO.
- Dialog mellom Vestlandsrådet, sentrale stortingspolitikarar og andre inviterte om «NTP og Vestlandet – kva for prioriteringar vil bidra best til regional og nasjonal samhandling, vekst og verdiskaping?»
- Møtet vart godt gjennomført. Stortingspolitikarar frå Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane møtte opp, blant dei Knut Arild Hareide (KrF), Helge Orten (H) og Steinung Rotlevatn (V).
- Betre tilpassa møtetidspunkt kunne ha samla fleire relevante politikarar (møtedato måtte flyttast, dette førte til kort varslingstid før møtet).



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune



Foto: Trond Vestre/NRK

Aqua Nor-messa 14.-18. august 2017

Dei fire fylkesordførarane i Vestlandsrådet hadde felles stand under Aqua Nor-messa i Trondheim frå 14. til 18. august.

- Fiskeriminister Per Sandberg fekk ein formell invitasjon og vitja standen med politikarar og næringsaktørar.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar messa til å adressere ei politisk sak som det er ynskeleg at Vestlandsrådet engasjerer seg i, saka om korleis vi kan endre forskrifta som i praksis forbyr landbasert akvakultur av matfisk i dei nasjonale laksefjordane.



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innspel og påverknad

Tour des Fjords

- Tour des Fjords er det største sykkelarrangementet i Skandinavia.
- Vestlandsrådet bad hausten 2017 om at rittet får auka løyvinga over statsbudsjettet for å ta vare på den sportslege og reiselivsmessige viktige satsinga det er for Vestlandet og Noreg.
- Det er viktig å setje heile Fjord-Noreg i stand til å dra nytte av marknadsføringa, profileringa og hauste langsiktige ringverknader frå eit så flott internasjonalt arrangement.
- Den statlege løyvinga til Tour des Fjords må aukast, slik at bidraga frå kommunar og fylkeskommunar ikkje vert den avgjerande berebjelken åleine.

CPMR - Nordsjøkommisjonen

- Vestlandsrådet gav eit felles innspel til CPMR si slutterklæring under generalforsamlinga 18.–20. oktober i Helsinki.
- I innspelet peikte rådet på at CPMR må ta omsyn til at ikkje alle medlemsregionar er medlemer av EU, og at dette vil gjelde endå fleire regionar etter Brexit. Det er viktig at arbeidet til CPMR er relevant for alle medlemsregionar.
- I tillegg understreka Vestlandsrådet at regionane i CPMR i fellesskap må ta eit større ansvar for å motverke ytterlegare marin forsøpling.

Foto: Wikimedia Commons



Klima og miljø - ei ny søyle i vestlandssamarbeidet

Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling»

Vestlandsrådet har i 2017 starta koordinerings- og samordningsprosjektet «Tiltak mot marin forsøpling». Prosjektet har teke utgangspunkt i strategien Miljødirektoratet har mot marin forsøpling, og Vestlandsrådet ønskjer å ha ei ambisiøs tilnærming til «det grøne skiftet». For å følgje opp ambisjonane har rådet ei målsetjing om å ta ei leiande rolle med omsyn til å mobilisere for betre koordinering og samarbeid mellom aktuelle organisasjonar og føretak – både i og mellom dei fire fylka. Vestlandsrådet kan også ha ei viktig rolle når det gjeld å løfte arbeidet mot marin forsøpling og ressursbehov inn nasjonalt, der førebygging bør vere eit vesentleg innsatsområde.

Så langt ser den etablerte prosjektgruppa eit potensial innan fleire område. Betre koordinering og auka samhandling kan gje betre resultat enn kva fylkeskommunane får til kvar for seg. Eit fellesprosjekt for satsing mot marin forsøpling kan også nyttast som grunnlag for å vurdere ei større, langsiktig fellessatsing retta mot klima, miljø og «det grøne skiftet» for Vestlandsrådet.

Så langt har hovedprioriteten i prosjektet vore å leggje grunnlaget for ein forsterka innsats for rydding av strandsona i 2018. Om dette skal lukkast, er det avgjerande at friluftsråda får tilført vesentlege midlar gjennom tilskotsordningane til Miljødirektoratet, som har søknadsfrist 15. februar 2018.



Handlingsplan for cruisestrategien

Vestlandsrådet vedtok i 2016 ein cruisestrategi for Vestlandet. I år har dei fire fylka laga eit utkast til handlingsplan for strategien.

Handlingsplanen syner tiltak for å følgje opp strategien og tek føre seg dei to viktigaste innsatsområda innan cruisetrafikk:

- klima og miljø
- auka verdiskaping på land

Det er venta ein sterk auke i cruisetrafikken på Vestlandet, og handlingsplanen for cruise syner konkrete tiltak for å ta vare på naturen, miljøet og samfunna våre. Fylkeskommunane og Vestlandsrådet har avgrensa handlingsrom til å gjennomføre tiltak sjølve. Mange av tiltaka ber difor preg av å skulle påverke aktuelle aktørar – ikkje minst sentrale styresmakter – til å ta grep.

Auka cruisetrafikk gir større sjansar for å styrke innteninga i cruiserelatert verksemd på land, noko som skaper arbeidsplassar og som kan bidra til å vidareutvikle reiselivstilboda våre. Handlingplanen syner konkrete tiltak også på dette området.

Utkastet til handlingsplan for cruise vart handsama av Vestlandsrådet i oktober og deretter sendt ut på høyring. Handlingsplanen vert endeleg vedteken av Vestlandsrådet i juni 2018.

VestMarin

Vestlandssamarbeidet for marin satsing – VestMarin – fremja i 2017 desse sakene for Vestlandsrådet:

1. Høyningsfråsegn til «Marine botnkart»
2. Høyring av NOU:2016:26 – Et fremtidsrettet kvotesystem
3. Skriv og melding:
 - a. Notat om prosess og erfaringar om høgoppløyselege botnkart i Møre og Romsdal.
 - b. Notat om oppfølging av tiltak under delmål 3 Marin rekruttering og kompetanse i den marine strategien til Vestlandsrådet.

VestMarin bidrog til at følgjande orienteringar vart løfta fram på vestlandsrådsmøtet 11. mai:

1. Regjeringa sin havstrategi.
2. Erfaringar med høgoppløyselege botnkart i Møre og Romsdal.
3. Presentasjon av rapporten: «Leverandører til sjømatnæringen og biomarin industri på Vestlandet. Kompetansebehov 2016–2020».

Vestlandsrådet sette i 2017-budsjettet av 200 000 kr til ei kartlegging av utdanningsmoglegheiter og samanfatte dette med behova i næringa (kartlagt i rapport utarbeidd av IRIS i 2016).

Transport og næring for vekst og utvikling

Ferjefri og opprusta E39

Vestlandsrådet har hatt ferjefri og opprusta E39 som den viktigaste saka på dagsorden dei siste åra. Gjennom stortingsvedtaket om Nasjonal transportplan 2014–2023 vart prosjektet løfta fram som eitt av dei store samferdslesatsingane her i landet. Vestlandet og Noreg treng eit effektivt transportsystem for å styrke det tunge næringslivet i landsdelen, samt for å gje innbyggjarane enklare og raskare moglegheiter til å bevege seg over store avstandar. ROGFAST er prioritert i første omgang. Likeeins firefeltveg på E39 Svegatjørn–Rådal i Hordaland prioritert.

Vestlandsrådet vil framover ha full merksemd retta mot gjennomføringa av det samla prosjektet. Rådet vil arbeide for at det til ei kvar tid vert tilført nødvendige ressursar som sikrar realisering av heile strekninga mellom Kristiansand og Trondheim i løpet av 20 år.

Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten

Vestlandsrådet kontakta i august 2017 tre forskingsmiljø med mål om å hente inn tilbodsskisser på ei utgreiing knytt til temaet «Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten». Møreforsking vann fram i konkurransen om utgreiingsarbeidet, og arbeidet inneber å sjå nærmare på ein ny fordelingsnøkkel i inntektssystemet knytt til ferjekostnader. Nøkkelen må, slik Vestlandsrådet ser det, basere seg på ein standard som er rimeleg ut frå dagens krav og stimulere til anskaffing og utvikling av null- og långutsleppsteknologi. Vidare må den totale ramma som Stortinget løyver, også ta høgde for kostnadene ferjefylka faktisk møter.

Nasjonal transportplan: Handlingsprogrammet 2018-2023

Statens vegvesen la 13. oktober 2017 «Handlingsprogram 2018–23» (Nasjonal transportplan 2018–29) ut på høyring til fylkeskommunane og store bykommunar. Handlingsprogrammet er ei konkretisering av første seksårsperiode i NTP 2018–29, og dannar grunnlaget for dei årlege løvringane i statsbudsjettet i perioden. Programmet vert vedteke av vegdirektøren i februar 2018.



Foto: bvi4092, flickr.com



Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vestlandsrådet la i fråsegna si til programmet m.a. vekt på følgjande element:

- Vestlandsrådet peika på at det trengst å få ein god og samanhengande standard langs heile E39. Det vil binde byane og distrikta langs vestlandskysten saman og redusere transportkostnadene for næringslivet.
- Behova for skredsikring på Vestlandet er særstakt store, og det trengst meir midlar til skredsikring av vegane i dei fire fylka i åra som kjem. Vestlandsrådet bad om at det innan første rullering av NTP 2018–2029 vert utarbeidd ein nasjonal skredsikringsplan for riksvegs- og fylkesvegsnettet (høvesvis post 31 og post 60). Planen må ha ein fastlagd tidshorisont for når han skal vere fullført.
- Vestlandsrådet peika på at det er store behov for opprusting av fylkesvegtunnelane. Vestlandsfylka har relativt sett ein stor del av tunnelane i Noreg. Difor er det avgjerande at fylkeskommunane på Vestlandet får tilstrekkelig med midlar frå staten, slik at også tunnelane på fylkesvegnettet tilfredsstiller krava til tryggleik.
- Det er eit stort behov for å ta igjen vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane. Vestlandsrådet bad om at regjeringa er særleg merksam på dette i den vidare oppfølginga av NTP.

Kultur og natur

Kultur på Vestlandet

Vestlandsrådet har vedteke å engasjere seg i arbeidet med den nye stortingsmeldinga for kultur som skal vere klar våren 2019. Rådet har starta drøftinga rundt ein strategi for felles innspeil til Kulturdepartementet, som arbeider fram meldinga. Vestlandsrådet bad 25. oktober om at det vert lagt til rette for ein prosess der dei fire fylkeskommunane, etter drøftingar i rådet, i fellesskap fremjar innspeil til den nye kulturmeldinga.

Vestlandsrådet ønskjer generelt at kulturfeltet får ein tydelegare plass på sakskartet til rådet framover. Sams innspeil til den nasjonale kulturmeldinga kan vere ein god inngang for å få fram fleire relevante problemstillingar og saker der det er klåre fellesinteresser i landsdelen.

Vestnorsk filmsenter har i 2017 orientert Vestlandsrådet om satsinga på Vestlandet som ein stadig meir etterspurdt filmdestinasjon. Vestlandsrådet har bede Vestnorsk filmsenter og Vestnorsk filmkommisjon halde tettare kontakt med rådet, slik at det er oppdatert på den spennande utviklinga, og slik at det ev. kan medverke til å setje landsdelen ytterlegare på filmkartet.



Ut i verda

- Vestlandsrådet har eit relativt aktivt forhold til fleire internasjonale organisasjonar med medlemer frå land med tilknyting til Nordsjøen og nordlege hav, samt mot EU.
- Vestlandsrådet vedtok 25. oktober å melde si interesse for å vere vertskap for eit permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen, anten ved at eitt fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om det. AU i Vestlandsrådet fekk fullmakt til å fullføre søknadsprosessen fram mot våren 2018.
- Vestlandsrådet har vedteke å halde fram engasjementet i det nordiske atlanterhavssamarbeidet (NORA). Organet skal bidra til å styrke samarbeid og utvikling i regionen og består av Grønland, Island, Færøyane og kyst-Noreg. Organisasjonen støttar fellesprosjekt innan fleire område, mellom anna marine ressursar, IKT, turisme og transport.
- Elles deltek Vestlandsrådet i EU sitt Interreg-program for å fremje sosial og økonomisk integrasjon.

Økonomi og rekneskap

		Rekneskap 2017	Budsjett 2017
INNTEKTER	Overført frå Hordaland	2 153 715,79	2 153 715,79
	Kontingent Rogaland	500 000,00	500 000,00
	Kontingent Hordaland	500 000,00	500 000,00
	Kontingent Sogn og Fjordane	500 000,00	500 000,00
	Kontingent Møre og Romsdal	500 000,00	500 000,00
	SUM INNTEKTER	4 153 715,79	4 153 715,79
UTGIFTER	Sekretariat for Vestlandsrådet ¹⁾	1 000 000,00	1 000 000,00
	Møteutgifter for Vestlandsrådet	151 398,10	100 000,00
	Vestlandsrådet si heimeside	29 403,00	50 000,00
	Prosjekt for "Ad-hoc-politisk gruppe energi"	50 000,00	200 000,00
	Hydrogenstrategi for Vestlandet (inkl. medlemskap i HyER) ²⁾	82 500,00	165 000,00
	NORA - årleg medlemsavgift	127 940,00	135 000,00
	Cruisestrategi	150 000,00	150 000,00
	Nøkkeltal for marin sektor	135 658,00	200 000,00
	Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten ³⁾	121 000,00	250 000,00
	SUM UTGIFTER	1 847 899,10	2 250 000,00
	Overført til Møre og Romsdal	2 305 816,69	1 903 715,79

Notar til rekneskapen

¹⁾ Sogn og Fj. 725 000, Hordaland 275 000 (internasjonalt arbeid)

²⁾ Tilskot Rogaland og Møre og Romsdal a 41250 vert utbetalt i 2018

³⁾ Tilleggsløvving VR sak 10/17 10 mai - jf avtale skal kr 121 000 betalast i 2018 ved avlevering av rapport i 2018

Faggrupper i Vestlandsrådet

- Samferdslegruppa
- Næringsgruppa (næringssjefkollegiet)
- Kulturgruppa (kultursjefkollegiet)
- Marin gruppe (Vest Marin)
- Prosjektgruppe «Tiltak mot marin forsøpling»
- Hydrogengruppa
- Internasjonal gruppe

Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune



Medlemer av Vestlandsrådet - oversyn

SØGN OG FJORDANE



Jenny Følling (Sp)
fylkesordførar



Åshild Kjelsnes (Ap)
fylkesvaraordførar



Jakob Andre Sandal (SV)



Noralv Distad (H)



Trude Brosvik (KrF)

HODALAND



Anne Gine Hestetun (Ap)
fylkesordførar



Pål Kårbo (KrF)
fylkesvaraordførar



Bente Bondhus (Sp)



Mona Røsvik Strømme (H)



Roald Steinseide (Frp)

MØRE OG ROMSDAL



Jon Aasen (Ap)
fylkesordførar



Gunn Berit Gjerde (V)
fylkesvaraordførar



Frank Sve (FrP)



Jan O. Tryggestad (Sp)



Charles Tøsse (H)

ROGALAND



Solveig Ege Tengesdal (KrF)
fylkesordførar



Marianne Chesak (Ap)
fylkesvaraordførar



Janne Johnsen (H)



Arne Bergsvåg (Sp)



Pål Morten Borgli (FrP)

Vestlandsrådet



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

www.hfk.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

www.mrfylke.no



Rogaland
fylkeskommune

www.rogfk.no



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

www.sfj.no

www.vestlandsraadet.no